



Kvassnesvegen 33 AS  
Kvassnesvegen 33  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/909 - 19/18047

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
07.06.2019

## Vedkomande innkalling til tilsyn oljeutskiljar - Gbnr 188/384 , Gjervik Ytre

Teknisk drift syner til vårt brev av 20.05.2019 der vi kaller Kvassnevegen 33 AS inn til tilsyn vedkomande oljeutskiljar på Gbnr 188/384. Ingen representantar frå Kvassnesvegen 33 AS stilte på møte. Som abonnent på avløpstenester er Kvassnesvegen 33 AS ansvarleg for at sine leigetakarar har godkjente reinseanlegg slik at oljehaldig avløpsvatn ikkje vert ført ut på kommunalt avløpsnett. Abonnenten skal sørge for at kommunen får tilsendt årsrapport for anlegg. Årsrapporten skal innehalde dokumentasjon på tømning, vedlikehald og analyse av utsleppsvatn som dokumenterer anlegg stettar krav til utslepp. Krav til oljeinnhald i avløpsvatn er fastsett i forureingsforskrifta § 15-7 og i løyve til å ha anlegg knytt på kommunalt avløpsnett. Kommunen er forureningsmynde for utslepp på kommunalt avløpsnett.

### **Førehandsvarsel om tiltak:**

Lindås kommune gjev med dette brev eit førehandsvarsel om at vi vil setje i gong tiltak for å få nødvendig dokumentasjon på at krav til utslepp av oljehaldig avløpsvatn på kommunalt avløpsnett er stetta. Førehandsvarsel er gitt iht forvaltningslova § 16.

### **Tiltak som kommunen nå vil vurdere:**

- Lindås kommune kan ilegge abonnenten eit tilleggsgebyr på 50% av avløpsgebyret. Dette gebyret kan kommunen fakturere abonnenten kvart kvartal, inntil forholda er retta opp.
- «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser» punkt 1.5 gjev kommunen heimel til å stengje vasstilførsel til eigedom dersom abonnent/abonnenten sin leigetaker ikkje overheld vilkår i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp» (jf. punkt 1.4). Kommunen kan halde vasstilførsel stengt til forhold er retta opp.

*Lindås kommune har heimel i forureiningsforskrifta kapittel 15 og «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser» til å krevje oljeutskiljar for verksemder som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn til kommunalt avløpsnett. Kommunen krev dokumentasjon på at anlegg stettar krav til utslepp med heimel i nemde regelverk og i gitte løyve til å ha anlegg knytt på kommunalt avløpsnett.*

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

**Mottakarar:**

Kvassnesvegen 33 AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ